

## Vakker lerkeskog fleire stader i dalen

26.10.2009



Lerkeskogen under Nåso er eit vakkert syn på denne tida. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er ikkje planta berre gran i Uskedalen, det har også vorte planta lerk. Det kan ein ikkje minst sjå no seinhaustes når lerkene står i gult skrud og prydar dalen. For, som vi lærte på skulen, lerka er det einaste treet i furufamilien som feller nålane om hausten. Og før nåfellinga er lerkeskogane eit fantastisk syn, det veit ikkje minst dei som har vore i fly over Sibir!**



Nedafør Klammeren er det også ein fin lerkeskog. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kven var det så som planta lerk i Uskedalen? Vi har fått opplyst at plantegjengen til Lars P. Haugland var sentral i dette tiltaket og at plantinga av lerk i stor grad fann stad bortimot 1960. Men kven var med han og kven kan i dag gje nærare opplysningar om plantinga av lerk og historikken i den samanhengen?

Interessa for skogplanting nådde høgdepunktet i 1955/1960 etterat den første granplantinga hadde funne stad i regi av ungdomslaget i 1952 og då også med islendingar som arbeidshjelp. Det vart gjort ein storinnsats også i Uskedalen og no ser vi resultatet.

Når det så gjeld lerk slekta, består ho av 10-14 artar, mellom andre Europalerk, som først vart planta på Averøya i 1789. Dette blir rekna som det første organiserte skogkulturfeltet i Noreg, men utover på 1800-talet vart Europalerk planta ut mange stader og fleire av dei eldste plantingane førte til at lerka naturaliserte seg. Den mest kjente lerkeskogen her i landet ligg i Tingvoll på Nordmøre. Seinare har både sibirsk lerk og japansk lerk vorte planta.

Lerk har mange gode eigenskapar og eignar seg godt til bygningskonstruksjonar, men kvaliteten blir ofte redusert av skjeivheit i stamma. Då det nye bygget til Kunstmuseet i Lillehammer skulle bli kledd med lerk før OL i 1994 var ikkje den lokale lerka i Gudbrandsdalen god nok - dei måtte henta lerk frå Sibir!

Som eit utanlandsk treslag er lerk i skogbruket i dag underlagt strenge restriksjonar gjennom Levande Skog.

Av Ola Matti Mathisen



Nåleseng frå lerk ved Klammeren. (Foto: Ola Matti Mathisen)